



Jostein Saghaug toppar MDG lista til Kommunevalet 2019 (Arkivfoto).

Jostein Saghaug frå Uskedalen er ført opp som nummer ein på lista til Miljøpartiet Dei Grøne ved kommunevalet i september. MDG har kumulert dei tre fyrste på lista. Miljøpartiet har i dag ein medlem i kommunestyret. Partiet er i framgang på landsbasis med ei støtte på heile 6 %. Dersom framgangen held fram, vil MDG truleg få inn 2 - 3 folkevalde i det nye K.styret.

Jostein Saghaug (52) hadde i si tid arbeidet sitt i Posten. Seinare har han høgare utdanning frå Høgskulen i Nesna og frå Diakonhjemmets høgskule i Oslo. Saghaug er i dag sosinom.

Jostein Saghaug har i mange år markert seg i arbeid for dei funksjonshemma sine rettar. Dette gjeld særleg i høve til bu- og levekår. Mange kjenner Jostein frå idretten og friluftslivet.

Dotter hans, Kathrine Saghaug, står som nummer 8 på den same partilista. Det kan koma endringar på lista, men dei tre kumulerte på topp ligg fast.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen